

Norsk (nynorsk) leseguide til artikkelen *Natur och plats i nordisk lyrik*

Kva må du vite som nynorskbrukar for å kunne lese ein tekst på svensk?

Denne guiden handlar om korleis du kan lære deg å lese på svensk. For dei fleste nordmenn er det enklare å forstå svensk talespråk enn skriftspråk. Det skuldast at norsk og svensk uttale har mange likskapar, men det er ein del forskjellar som gjeld ordforråd og stavemåte. Derfor er det lurt å lære seg nokre strategiar for å kunne forstå svensk skriftspråk.

Svensk er første- eller andrespråk for ca. 10 millionar menneske i Sverige. I tillegg er svensk eit offisielt språk i Finland. Berre ca. 250 000 finnar har svensk som førstespråk, men svensk er obligatorisk framandspråk i skulen for finsktalande finnar. Dersom ein forstår litt svensk, kan ein altså kome langt mange stadar i Norden. For norske grunnskuleelevar er det eit læreplanmål å kunne både lytte til og lese tekstar på svensk, med forståing. Også derfor bør ein som lærar kjenne til nokre strategiar som kan hjelpe elevar å utvikle kompetanse i svensk.

Norsk og svensk er såkalla nabospråk. Dei har felles opphav og historie, og bokmål og svensk høyrer begge til gruppa *nordiske språk* i den nordgermanske språkfamilien. Dei har mange likskapar på grunnleggande område som ortografi (stavemåte), grammatikk (bøying og samansetting av ord) og ordforråd. Dette gjer det relativt enkelt for ein med norsk som førstespråk å lære å lese svensk, men undersøkingar viser at det er litt vanskelegare enn å lese dansk. Sidan bokmål bygger på det danske skriftspråket, er det færre forskjellar mellom bokmål og dansk enn mellom bokmål og svensk. Nynorsk derimot, byggjer på dei norske dialektane, og ligg dermed lenger frå dansk, og på mange måtar nærmare svensk, blant anna når det gjeld ordforråd. Blant anna brukar ein ordet *skilnad* både på svensk og nynorsk, medan på dansk og bokmål, skriv ein *forskjell*. Fleire nynorske og svenske ord har klare likskapar med kvarandre: *början (sv)-byrjing (nyn)*, *huvud (sv)-hovud (nyn)*, *hamn (sv)-hamn (nyn)*, *vecka (sv)-veke (nyn)* og *vatten (sv)-vatn (nyn)*.

Nokre forskjellar mellom norsk og svensk er openberre, som for eksempel at ein på svensk bruker *ä* i staden for *æ* (nokre gonger i staden for *e*) og *ö* i staden for *ø*. Det finst også bokstavar eller bokstavkombinasjonar som er vanlegare på svensk enn på norsk. For eksempel bruker svenskane *x* nokså ofte. Dette må ein altså venje seg til.

På ordnivå er fleire av dei gamle funksjonsorda (f.eks. *du*, *den* og *som*) heilt like. Mange såkalla arveord er nesten like, som f.eks. *kvinna (kvinne)* eller *öga (auge)*. Det som kan vere vanskeleg med svensk, er orda som er heilt forskjellige. Når svenskane tar kaffepause, seier dei at dei skal *fika*. Det ringer inga bjølle for ein nordmann, så det ordet må lærast som eit framandord. Nokre ord liknar også norske, men har ei helt anna tyding. Slike ord kallar vi *falske venner*. Eit godt eksempel er svensk *rolig* som svarar til norsk *morosam*. Det har ingenting med å vere roleg å gjere. For å unngå å gjette feil betydning, må ein altså utnytte den informasjonen som ligg i konteksten.

Trafikklysmetoden

Ein god metode for å få blikk for forskjellar og likskapar mellom norsk og svensk er den såkalla trafikklysmetoden. Den går ut på å fargelegge:

- ord som vert stava likt og tyder det same, får fargen **grøn**
- ord som er gjenkjennelege, men vert stava litt annleis, vert farga **gule**
- ukjente ord vert farga **raude**

Prøv å lese eit avsnitt i temaartikkelen, og legg merke til forskjellane. Slik har vi gjort det med trafikklysmetoden på første avsnitt:

Människan och platsen, den natur, det landskap och den region, det land och den nation, den världsdel som människan bebor eller bereser, och berättar om, har alltid och kommer alltid att befinna sig i ett dialogiskt förhållande med vartannat. Vi både präglas av och präglar platser.

- Vi ser at mange delar av teksten er grøne. Her har vi identiske ord på svensk og norsk, noko som lettar lesinga. Mange av desse orda er høgfrekvente, dvs. at dei vert mykje brukte. Ein del av dei er såkalla *funksjonsord*, dvs. at dei har ein grammatisk funksjon og ei litt abstrakt tyding, for eksempel pronomen som *den, det, som, vi* og preposisjonane *i, med og av*.
- Ein stor del av teksten er gule ord, der mesteparten er enkle å gjette tydinga av. Det kan vere ein eller fleire bokstavar som er forskjellige frå det norske motsvaret. For eksempel heiter det *sig* på svensk, og *seg* på norsk. Nokre lånord har halde på stavemåten i språket ordet er lånt fra, som *nation*, der vi har tilpassa ordet til norsk rettskriving: *nasjon* (*dette gjeld både nynorsk og bokmål*). Vi kan også merke oss at svenske verb sluttar på -a i infinitiv, f.eks. *befinna* istedenfor *befinne* (*bm*) *finne* (*nyn*). Dessutan ser vi dei spesielle svenske bokstavane ä og ö i *människan* (*mennesket*) og *förhållande* (*forhold*).
- I første avsnitt finn vi ingen ord som er heilt ukjende. Først når vi les lenger ned i andre avsnitt, finn vi ord som *storstaden* og *tätorten*. På svensk tyder *stad* det samme som norsk *by*, og *ort* betyr *sted*. Då forstår vi at *storstad* betyr *storby* og *tätort* betyr *tettstad*. Desse orda vil ein norskspråkleg som er uvant med svensk, ha behov for å slå opp, få forklart, eller gjette tydinga av ut frå konteksten.

Lesestrategiar

Det er vanskeleg å få flyt i lesinga dersom ein skal tenke for mykje over dei tekniske forskjellane mellom svensk og bokmål. Den beste metoden er å kaste seg ut i lesinga. På den måten øver ein seg i å «sjå forbi» forskjellar som kan vere forstyrrande i starten. Likevel er det viktig å kjenne til nokre lesestrategiar.

Grafemisk assosiasjon

Den primære lesestrategien når ein les nabospråk, kan vi kalle «grafemisk assosiasjon». Det betyr rett og slett at ein «let som» ein les norsk. Når eit grafem (bokstav) skil seg ut frå det ein er van med, assosierer ein til det mest nærliggande. For eksempel kan ein gjere om *berättar* til *beretter*. Ein kan komme langt med denne metoden – men ver merksam på dei «falske vennene»!

Kontekstbasert gjettestrategi

Når ein støyter på eit «raudt» ord, vil det typisk vere omgitt av «grøne» og «gule» ord. I nokre tilfelle kan ein bruke den informasjonen ein får gjennom dei andre orda, til å gjette kva det raude ordet betyr i samanhengen. Det kaller ein ein «kontekstbasert strategi».

Morfemstrategi

Nokre av dei «gule» orda er ganske forskjellige frå bokmål. Likevel er det lett å tenke seg til tydinga ved å sjå på delelementa, altså *morfema*, i orda. På svensk heiter det ikkje *kvarandre*, men *varandra*. Her kan vi dele ordet opp i var-andra og ser at det er bygd opp akkurat som nynorsk kvar-andre.

Ordboka

Om ein ikkje greier å forstå dei raude orda, kan ein ty til ordboka.

Husk: Faguttrykk kan vere vanskelege å forstå fordi dei er nye og komplekse omgrep – og dermed har du bruk for å slå dei opp både på svensk og norsk. For eksempel er «topos» eit av faguttrykka du skal lære, gjennom fagartikkelen og opplegget på temadagen. Mange av faguttrykka vert forklarte i omgrepskatalogen på heimesida.